

## Månadsbrev juni 2025

Alle storkoste seg på karneval, og elevrådet hadde planlagt godt! Morgonsamlinga til mellomtrinnet er vel gjennomført, og skriftleg engelskeksamen for 10. klasse er levert. Det var fire forventningsfulle femåringar som møtte opp til innskriving saman med foreldra, og dei gler seg til å begynna på skulen i august.



Juni kjem nok til å gå fort, for når du les dette, er truleg 10. klasse allereie på Rhodos, og 8.-9. klasse førebur seg til **aktivitetsdag** arrangert av områdeforvaltar SVR og Norsk villreinsenter tysdag 3. juni. Dagen etter, 5. juni, er det rett på **årsprøvar**, dvs. engelsk (onsdag), norsk (torsdag) og matematikk (fredag) for ungdomsskuleelevane, før det er **pinsehelg og fri** måndag 9. juni.

10. klasse har **munleg eksamen** 12. juni, og får vita kva fag dei kjem opp i to dagar før. Dermed får alle med seg **morgonsamlinga** til småskulen 13. juni. **Avslutningsfesten** for 10. klasse er torsdag 19. juni, og **siste skuledag** 20. juni er som vanleg på Tjørhom ved grendehuset.

Hugs **skuleonsdag** 11. juni! 18. juni går ut sidan me flytta den til tidlegare i år.

## God sommar!

Sinnes 01.06.25

Åse-Berit (rektor)

